



## Ny klubbseong – vel overstått sommar!

Me startar opp førstkamande tysdag, og går rett på ein 7-kveldar i to puljer.

I begge puljene deler ein ut kveldspremie samt samanlagt for dei 4 beste kveldane (på individuell basis). Det vil seie at du toler ein sydenferie, og du treng ikkje spele med same makker alle 7 kveldane.

Kvar kveld vert det delt ut klubbpoeng i begge puljer avhengig av antal par, justert med 1,2 i A-pulje og 0,8 i B-pulje.

Tredje spelekveld, 16. september, og sjuande spelekveld, 14. oktober deltar ein også i landsomfattande Simultanturnering – der vert det i tillegg til vanlege klubbpoeng utdelt klubbpoeng etter ein 75-prosent skala for oppnådde resultat på landsbasis.

Puljeoppsettet for Haustturneringa er med grunnlag i resultatet i vårturneringa.

Av dei som spelte i A-puljen kan Bjørg Brynie-Henry Wathle spele i B-puljen om dei ønskjer det, medan Einar Sætre-Ottar Eide og Turid Tøsdal-Berit Rødland lyt spele i A-puljen, men kan likevel spele i B-puljen om dei vil avstå frå premiering i Haustturneringa.

Spelarar som deltok mindre enn 4 kveldar i Vårturneringa spelar i A-puljen (som er open for dei som ønskjer å spele der) dersom begge spelarar har minst hjarternål.

## Terminlista

Speleplanen vidare er ikkje heilt klar, men det vert som vanleg klubbmeisterskap med innleiande runde over to kveldar og finale over 3 kveldar med 16 eller 22 par i A-finalen avhengig av deltaking.

Truleg vert det ingen speling vesle julaftan, så blir det kanskje open turnering med kretsopoeng vesle nyårsaftan.

## Terminlista for kretsen

er utlagt på heimesida deira, men vert truleg endra.

Det har seg slik at BM lag som ein hadde rekna med skulle spelast i Åsatun er sett opp med spelestart torsdag 18. september, men så let det seg ikkje gjera å få nytta Åsatun om torsdagane.


Dermed er kretsen "huslaus", og BM lag lyt venteleg utsetjast to-tre ve-ker.....

## Sommarturneringa

Har gått som vanleg – frammettet har vore litt mindre enn i fjor, kanskje har godveret i sommar noko av skulda for det.

Me kan gratulere vår eigen kasserer Vidar Kjøraas med siger i A-puljen og napp i vandrepremien, medan Sylvi og Olav Hagen vann B-puljen i år som i fjor. Gratulerer!

Ein resultatrapport for sommarturneringa er lagt ved denne Alerten.



Vidar



Sylvi



Olav

## Øvrig

Tynn Alert i dag – vonar på betre tider, og skriv gjerne om spel eller det du har på hjarta!